

**Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Askedalen 2

Fylkeshuset, Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Telefon: 57 63 80 00

Telefaks: 57 65 61 01

E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no

Hjemmeside: <http://www.sfj.no>**Søknad om kulturmidler og kunstnarstipend**

Søknadstype
Tilskudd blir gitt til fylkesdekkende kulturorganisasjoner/fylkesledd og arrangører med formål innen kulturområdet. Det legges særlig vekt på kulturaktivitet til barn og unge. Målet med tilskuddsordningen er å fremme et aktivt og allsidig kulturliv i fylket.
Tilskudd til drift: Fylkesdekkende kulturorganisasjoner/fylkesledd kan søke, samt arrangører av varige, faste kulturtiltak. Tilskuddet blir gitt til organisasjonens normale aktivitet, og er ikke knyttet til prosjekt / særlege tiltak. Organisasjonens planer og målsetninger blir lagt til grunn for tilskudd. Aktivitet og antall medlemmer/publikum er avgjørende for størrelsen på tilskuddet.
Tilskudd til prosjekt og tiltak: Tilskudd blir gitt til prosjekt og tiltak som har formål innen kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og har virksomhet for hele eller en større del av fylket. Utviklingsperspektivet, der det er ønskelig å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapende kultursatsinger blir vektlagt ved tildeling.
Alle som driver med kulturell aktivitet som har allmenn interesse, og med virksomhet for hele eller en større del av fylket, kan søke tilskudd. Tiltak som viser nye veier i kulturarbeidet kan også søke.
Kunstnerstipend: Det er 2 stipendordninger for kunstnere innen alle uttrykk. Søkeren må være bosatt i Sogn og Fjordane eller etablere seg i Sogn og Fjordane i stipendperioden.
Stipend for unge kunstnere i etableringsfasen: For profesjonelle kunstnere under 35 år innen alle uttrykk. Kunstnere under utdanning kan ikke søke. Det er krav om kunstfaglig utdanning eller høy realkompetanse.
Arbeidsstipend for kunstnere: For profesjonelle kunstnere innen alle kunstuttrykk og sjangre som bor og har virksomhet i Sogn og Fjordane kan søke. Kunstnere under utdanning kan ikke søke.
Hva slags kulturmidler søkes det om? <input checked="" type="checkbox"/> Tilskudd til drift <input type="checkbox"/> Tilskudd til prosjekt og tiltak <input type="checkbox"/> Kunstnerstipend

Opplysninger om søker		
Søker er <input type="checkbox"/> Person, enkeltpersonforetak <input checked="" type="checkbox"/> Organisasjon, lag eller forening		
Org.nr. 975607941		
Navn GLOPPEN MUSIKKFORUM		
Adresse Postboks 222	Postnr. 6821	Poststed Sandane
E-postadresse - kontaktperson post@glopperock.no		Telefon 57866616

Kontaktperson - etternavn Tystad	Kontaktperson - fornavn Remi	Telefon 97081960
Leder:		
Leder - etternavn Tystad	Leder - fornavn Remi	Leder - telefon 97081960
Mottaker av tilskuddet		
Kontonummer 3710 30 56846		
Er mottaker av tilskuddet den samme som søker? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
<p>Beskrivelse aktivitet og mål for søknadsåret</p> <p>SØKNAD OM TILSKOT TIL ”GLOPPEROCK 2019” 16. til 17.AUGUST PÅ SANDANE.</p> <p>Gloppen Musikkforum vil takke for tidlegare tilskotet til Glopperock .</p> <p>Om oss - Styringsorgana og organisasjon:</p> <p>Glopperockfestivalen vart etablert i 1980 og vert i dag arrangert av musikkforeininga Gloppen Musikkforum som vart starta i 1984. Gloppen Musikkforum er organisert som ei musikkforeining der årsmøte velgjer eit ansvarleg styre på inntil 5 personar og varafolk som er ansvarlege for drifta. Økonomisk resultat vert overført til neste års drift. Arrangementet Glopperockfestivalen er oppbygd med festivalsjef som ø-verste leiar, ansvarleg styre, samt lagsjefar for ulike ansvarsområde. Ca.10 personar deltek i førebuingarbeidet månadane før. Gloppen Musikkforum har 35 medlemmar. Glopperock er godt forankra i regionen etter 39 års drift og er den eldste rockefestivalen i Noreg. Sjølv om det kunstnarlege står i sentrum har Glopperock og Gloppen Musikkforum sine arrangement også andre kulturelle verdiar. Glopperock samlar ungdomar til ein felles dugnadsinnsats for gjennomføring av arrangementa torsdag til laurdag, og styrker samkjensla og identiteten i lokal miljøet og regionen. Det vert arbeidd ca.300 dugnadstimar kvart år, utgjer ca. 0,2 årsverk. Kulturaktivitetar vert sett på som ein stadig viktigare trivselsfaktor for og halde på busetnaden, både at folk er fysisk tilstades og at dei trivast i regionen.</p> <p>Målsetjing:</p> <p>Glopperockfestivalen skal gje folk eit kulturtilbod innan musikkretningar som rock, pop og anna rytmisk musikk. Vi skal ivareta rocken sin interesse som musikkform, samt fremja og spreie kunnskap om rock, på lik linje med anna kulturellverksemd. Glopperock og Gloppen Musikkforum sine arrangement skal nå publikum i alle aldra, med hovudvekt på ungdom. Vi vil leggja vekt på å ha tidsaktuelle og kunstnarleg kvalitetsbeviste artistar, som kan gje ei god konsertoppleving for publikum. Glopperock skal samle publikum frå heile regionen. Glopperockfestivalen vil i år 2019 verte arrangert for 35 gong over tre dagar i august og konsertar utover hausten 2019 i regionen.</p> <p>Gjennomførings periode: 3 dagars festival tidsrom og stad.</p> <p>Konseptet er under utarbeiding i tida torsdag 15.august, fredag 16.august, laurdag 17.august i Trivselshagen og Gloppen Hotell på Sandane. I tillegg kjem konsertar hausten 2019 i Førde, Sogndal og Sandane som går inn som ein del av Glopperock festivalen 2019.</p> <p>Informasjon og marknadsføringstiltak:</p> <p>Glopperock har eit stort marknadsførings program med plakatar, annonser, programhefte, internettside, facebook, omtale i media etc.</p> <p>Program profil:</p> <p>Glopperockfestivalen sin programprofil skal som tidlegare år, også for 2019 innehalde nye og etablerte norske pop og rockeband. Det skal leggast vekt på innovative nye artistar og band som har ein kunstnarleg uttrykksform og kvalitet, som på sikt vil femne om eit større publikum. Musikalsprofil skal på grunn av den avgrensa</p>		

publikumspotensiale i regionen fremje musikk mellom generasjonane, med hovudvekt på unge.

I ein svært liten marknad, er det viktig å ha artistar som trekker yngre og eldre ungdom, samt vaksne for å kunne trekke nok publikum slik at ein kan gå i økonomisk balanse. Til konserten fredag 16.august i Trivselshagen jobbar vi m.a. med Kari Bremnes band. Laurdag satsar vi på band innan pop/rock sjangeren på Gloppen Hotell.

Målgrupper.

Glopperock si målgruppe er publikum i alderen 18 til 50 år. Vi har som satsingsområde også å nå publikum under 18 år. Ut i frå dei ulike arrangementskonseptane vil publikum strekke seg i hovudsak frå 15 til 70 år. Glopperock skal vere ein møteplass for ungdom og vaksne som likar rock og beslektede musikkformer. Vi vil i 2018 ha eit arrangement som spesielt hen vendar seg til dei yngste del av publikum. Dei ulike arrangementskonseptane sine konsertar skal nå ei bestemt målgruppe.

Ungdomskonsert

I 2018 hadde vi ein meir spissa barne og ungdomskonsert i Trivselshagen med artistane Vilde og Anna frå Nordfjordeid, Halie m/band frå Bergen og Sofia frå Sandane. Dette vart ein musikalsk suksess og svært mange barn kom på dette arrangementet. Vil vi forsette med dette konseptet også i 2019 med konsert Torsdags kvelden i kultursalen Trivselshagen. Vi jobbar med nasjonale og regionale unge artistar som td. Oselia frå Nordfjordeid

Økonomi og budsjett Glopperock 2019 med konsertar i august og november:

Det er svært stor økonomisk risiko ved eit konsert prosjekt som Glopperock. Omkostningane ved festivalen er svært store. t.d. innkjøp av varer og tenester, transport, installasjonar på konsertområde, leige musikkutstyr, marknadsføring, honorar artistar /vakter, verdi dagnadsarbeid, teknisk/adm. personell, Budsjettet balanserer på ca. kr.1.150.000.- i totalomsetning, ca. 2000 besøkande med konsertar i august og november.

Rockefestivalar må vere på same linje som andre musikkretningar sine festivalar t.d. klassisk og folkemusikk, og bør handsamast på likt med omsyn til tilskot i prosent av totale utgifter. Tilskot frå det offentleg er såleis naudsynt skal arrangementet i framtida kunne forsetta å presentere rock og beslektede musikkformer til barn og unge, der rock og pop er ungdomen sin musikalske uttrykksform. Etter vårt syn treng rock tilskot på lik linje med andre musikkretningar sine festivalar i Sogn og Fjordane. Vi samarbeid med fleire idrettslag i regionen og tilfører desse økonomisk bidrag for dugnadshjelp. Vi samarbeider også med andre arrangørar og institusjonar i fylket, som heng i hop med ein heilårleg plan for konsert aktiviteten til dei ulike målgruppene våre.

Trivselshagen og konsertar i regionen gjennom året.

Gloppen Musikkforum er ein av dei arrangørane i regionen som sidan etableringa i 1984 har presentert flest pop og rockekonsertar i Sogn og Fjordane som eigne arrangement og saman med våre samarbeidspartnarar.

Gjennom desse åra har vi opparbeidd oss eit svært stort kontaktnett mellom norske artistar og booking agentar. Vi har m.a. presentert følgjande artistar på Sandane; Jonas Fjeld, Jan Eggum, Stein Torleif Bjella, Bjørn Eidsvåg, Halvdan Sivertsen, Henning Kvitnes, Odd Nordstoga, Vamp, Øystein Sunde, Ingebjørg Bratland.

To rustne Herrer hadde vi i 2017 på turne i regionen på Sandane, Førde, Sogndal og Florø.

Vi skal ha turne med Eggum & Sivertsen november 2019 i Førdehuset, Sogndal Kulturhus og Trivselshagen, Sandane. I Desember skal vi med våre samarbeidspartnarar ha Adam Douglas m/band på turne i regionen. I tillegg er vi medarrangør av Sunnfjord Countryrock og Sunnfjord Vinterfest på Scandic Sunnfjord Hotel, Førde

Grunngjeving for søknadsbeløpet.

Dette grunngjev vi med dekkinga av reisekostnader og honorar til kvalitetsmessige dyktige norske artistar. Satsing på eit godt teknisk lyd og lys anlegg under festivalen.

Satsing på barn og unge i ein eigen ungdomskonsert,
 Vidareutvikle kompetansen i organisasjonen.
 Presentere nye og unge norske kvalitetsartistar frå regionen og nasjonalt som er på veg opp.
 Konsertar er ein høgrisiko aktivitet som treng støtte, i ein avgrensa marknad og stor usikkerheit.
 Glopperock er ein viktig arena for pop og rock i fylket som vi ønskjer å utvikle.
 Gje positive ringverknader for innbyggjarane og næringsliv i regionen med stor verdiskaping rundt eigen og samarbeidsarrangementa gjennom året
 Satsing på ungdom for trivsel, kultur og busetnad i regionen.
 Vise eit breitt, spanande og nyskapande musikktilbod til publikum.
 Dekking av arrangementskostnader, då billettinntekter og sponsor ikkje dekker utgiftene.
 Auka satsing på og gje folk i Sogn og Fjordane eit heilårleg tilbod innan rock og anna rytmisk musikk med konsertar på Sandane, Nordfjordeid, Førde og Sogndal i 2019

Vi søkjar med dette om eit tilskot frå på kr.100.000.- til Glopperock festivalen 2019.

Med helsing for styret i musikkforeininga

GLOPPEN MUSIKKFORUM

Remi Tystad Øyvind Aasen Gloppestad Andreas Lyngstad Grov

Festivalsjef. Styremedlem Styremedlem

sign

Sign. Sign.

Postadresse Bankkonto SSF: 3710.30.56846 Festivalsjef Remi Tystad

Postboks 222, 6821 Sandane Organisasjons nr. 975 607 941 Tlf. privat mobil 97 08 19 60

Tlf.: 57 86 66 16 Tilslutta Norske Konsertarrangørar E-mail: remi@glopperock.no

www.glopperock.no

post@glopperock.no

Mottaker av tilskuddet			
Org.nr. 975607941	Navn GLOPPEN MUSIKKFORUM		
Adresse Nordstrandsvegen 471	Postnr. 6823	Poststed SANDANE	
E-postadresse post@glopperock.no			

Tilskudd til drift
Type organisasjon <input type="checkbox"/> Fylkesdekkende kulturorganisasjoner/fylkesledd <input checked="" type="checkbox"/> Arrangører av varige, faste kulturtiltak
Har organisasjonen ansatt lønnet personale? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Ant. årsverk
Andre opplysninger om organisasjonen Om oss - Styringsorgana og organisasjon: Glopperockfestivalen vart etablert i 1980 og vert i dag arrangert av musikkforeininga Gloppen Musikkforum som vart starta i 1984. Gloppen Musikkforum er organisert som ei musikkforeining der årsmøte velgjer eit ansvarleg styre på inntil 5 personar og varafolk som er ansvarlege for drifta. Økonomisk resultat vert overført til neste års drift. Gloppen Musikkforum har 35 medlemmar. Arrangementet Glopperockfestivalen er oppbygd med festivalsjef som ø-verste leiar, ansvarleg styre, samt lagsjefar

for ulike ansvarsområde. Ca.10 personar deltek i førebuingarbeidet månadane før. Glopperock er godt forankra i regionen etter 39 års drift og er den eldste rockefestivalen i Noreg.

Sjølv om det kunstnarlege står i sentrum har Glopperock og Gloppen Musikkforum sine arrangement også andre kulturelle verdiar. Glopperock samlar ungdomar til ein felles dugnadsinnsats for gjennomføring av arrangementa torsdag til laurdag, og styrker samkjensla og identiteten i lokal miljøet og regionen. Det vert arbeidd ca.300 dugnadstimar kvart år, utgjer ca. 0,2 årsverk.

Søknadssum

100 000

Vedleggsoversikt - Tilskudd til drift

Vedlegg som skal følge søknaden

- 1 Årsmelding for siste år
- 2 Revidert rekneskap for siste år
- 3 Budsjett for inneverande år
- 4 Arbeidsprogram for inneverande år

Vedlegg

Beskriv Årsmelding Gloppen Musikkforum 2018	Last opp vedlegg Årsmelding for Gloppen Musikkforum år-2018 Årsmøte 26.01.18-revidert- 1-Årsmøte-vedteke.pdf	Ettersendes per post
Beskriv Rekneskap Gloppen Musikkforum 2018	Last opp vedlegg GM - 2018 Rekneskap pr 31.12.2018 - signert -.pdf	Ettersendes per post
Beskriv Balanse Gloppen Musikkform 2018	Last opp vedlegg GM - 2018 Balanse pr 31.12.2018 - signert-.pdf	Ettersendes per post
Beskriv Budsjett Glopperock 2019	Last opp vedlegg GR - 2019 Budsjett stønader - Rev.01.03.19.pdf	Ettersendes per post
Beskriv Program info Glopperock 2019	Last opp vedlegg Programprofil Glopperock 2019-01.03..pdf	Ettersendes per post